

Emnekode Course code	UPED635
Namn på emnet, nynorsk	PEDAGOGISK KURS FOR STUDIEADMINISTRATIVT TILSETTE
Namn på emnet, bokmål	
Course title, English	
Studipoeng, omfang ECTS credits	5
Studienivå (studiesyklus) Level of study	Bachelor
Fulltid/deltid Full-time/Part-time	
Undervisningsspråk Language of instruction	Norsk
Undervisningssemester Semester of instruction	Haust og/eller vår
Undervisningsstad Place of instruction	
Mål og innhald Objectives and content	<p>Det overordna målet med kurset er å bevisstgjere og dyktiggjere studieadministrativt tilsette rundt tilhøve som har betydning for å skape eit best mogeleg læringsmiljø for studentar og tilsett, og med dette heve sin studieadministrative kompetanse.</p> <p>Kurset skal og gje deltakarane ei forståing av kva læring er, og kva som fremmer læring.</p> <p>Gje deltakarane ei generell innføring i korleis undervisning kan planleggjast og gjennomførast, samt korleis studentane sitt læringsutbyte kan vurderast.</p>

	Kurset vil hjelpe deltakarane med å bidra til programkoordinering, til dømes i høve revisjon, oppretting og evaluering av emner og studieprogram.		
Læringsutbyte Learning outcomes	<i>Deltakaren skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i>		
	<i>Kunnskapar</i>	<i>Ferdigheiter</i>	<i>Generell kompetanse</i>
	<p><i>Deltakaren ..</i></p> <ul style="list-style-type: none"> * Kjenner til nokon sentrale teoriar om læring * Har kunnskap om ulike tilhøve som har betydning for motivasjon og læring * Kjenner til dei pedagogiske prinsippa for kjerneanalyse * Har kjennskap til forskjellane på summativ og formativ vurdering * Veit kva som kjenneteiknar ulike læringsstrategiar og kva som bidreg til utviklinga av slike * Kjenner til at det eksisterer ulike undervisningskulturar og kunne forklare kva som ligger i ord som «den skjulte læreplanen» «mosaikkfag» «rollemodeller» * Kjenner fordelar, ulemper og moglegheiter med å bruke studentar i undervisninga * Kjenner betydninga av at studentane blir aktive i diskusjonen rundt studiet og undervisninga * Kjenne til kva som karakteriserer studenten i dag, og kva som skiller dei frå tidlegare generasjonar av studentar 	<p><i>Deltakaren ..</i></p> <ul style="list-style-type: none"> * Kan vurdere samanhengen mellom læringsutbytebeskrivingar og undervisnings- og vurderingsformer * Kan identifisere målgrupper, og bruke rette verkemiddel for å gje tilpassa informasjon til denne gruppa * Kan karakterisere undervisningskulturen i eit fag og reflektere over kva det har å seie for undervisninga i faget * Kan rekruttere og følgje opp studentar som bidragsytarar i undervisninga * Kan bidra til å øke studentane sitt engasjement i det heilheitlege læringsmiljøet * Kan føreslå løysningar for å fylle det rommet læraren ikkje tenkjer å fylle i undervisningsopplegget * Kan vurdere kva som karakteriserer dei studentane som går på studieprogrammet og eventuelt identifisere utfordringar som må adresserast 	<p><i>Studenten ..</i></p> <ul style="list-style-type: none"> * Veit korleis ein bereknar studentane si arbeidsbelastning * Veit korleis ein gjennomfører samtalar i fokusgrupper * Har forståing for ulik bruk av obligatoriske arbeidskrav * Kjenner måtar å sikre at studentane har ei jevn arbeidsbelastning gjennom studieåret.
	On completion of the course		

	the student should have the following learning outcomes defined in terms of knowledge, skills and general competence:		
	<i>Knowledge</i>	<i>Skills</i>	<i>General competence</i>
	<i>The student ..</i>	<i>The student ..</i>	<i>The student ..</i>
Krav til forkunnskapar Required Previous Knowledge	Ingen		
Tilrådde forkunnskapar Recommended previous knowledge			
Studiepoengsreduksjon Credit reduction due to course overlap			
Krav til Studierett Access to the course			
Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning Teaching methods and extent of organized teaching	<p>Kurset består av to samlingar samt arbeid i mellomperioden. Den første samlinga strekkjer seg over to dagar. Her vil ein variere mellom korte presentasjonar, gruppediskusjonar og deltakarframleggingar. I perioden mellom første og andre samling skal deltakarane arbeide med ei prosjektoppgåve. Andre samling består av ein dag der deltakarane presenterer sine prosjektoppgåver for kvarandre og tek mot tilbakemelding.</p> <p>Tal på deltakarar Maks antal deltakarar er 20</p>		
Obligatorisk undervisningsaktivitet Compulsory	<p>Prosjektoppgåve</p> <p>Oppgåva skal belyse utfordringar i dei delane av læringsmiljøet som studieadministrasjonen har ansvar for eller deler av læringsmiljøet der det er uklart kven som har ansvar. Til dømes:</p>		

assignments and attendance	<p>Overordna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - ei analyse av ein eller fleire utfordringar som eksisterer i læringsmiljøet - eit forslag til tiltak for å forbedre læringsmiljøet - ei analyse av effekten til eit allereie gjennomført forbetringstiltak <p>Konkret kan det være:</p> <ul style="list-style-type: none"> - å beskrive korleis studieadministrasjonen har bidrege i tilrettelegginga av undervisningstilbodet i eit konkret emne med timeplanlegging, informasjon, evaluering med meir. - å evaluere korleis studentane opplever heilheita i tilbodet eit semester
Vurderingsformer Forms of Assessment	<p><i>I emnet nyttar ein følgjande vurderingsformer:</i></p> <p>Godkjenning krevjer deltaking på alle tre dagar, samt arbeid i mellomperioden.</p>
Hjelpemiddel til eksamen Examination support material	
Karakterskala Grading scale	<p>Bestått / ikkje bestått</p>
Vurderingssemester Assessment semester	<p>Haust / vår</p>
Litteraturlist Reading List	<p>Det er utarbeidd ei litteratursamling som består av ei bok samt utvalde artiklar. Dette vil bli delt ut ved kursstart.</p>
Emneevaluering Course Evaluation	<p>Kursdeltakarane føretek ei skriftleg evaluering av kurset.</p>

Programansvarleg Programme Committee	Undervisningsutvalet har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
Emneansvarleg Course Coordinator	Arild Raaheim
Administrativt ansvarleg Course Administrator	Det psykologiske fakultet v/Institutt for pedagogikk har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
Kontaktinformasjon Contact Information	Studierettleiar kan kontaktast her: uniped@uib.no